

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · 2025
96. årgang



God jol!

Redaksjon

post@seljordkyrkje.no
Bankgiro: 2711.20.31826
VIPPS: #650484

Stab

Fung, sokneprest: Hallvard N. Jørgensen
959 22 984 hallvardnj@gmail.com

Kyrkjeverje: Petter Jakobsen
909 51 409 petter@seljordkyrkje.no

Diakon: Ingunn Liseter
976 82 694 ingunn@seljordkyrkje.no

Kantor: Kjetil Bergheim
918 41 306 kjetil@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar:
Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943

Einar Heggveit
958 75 756

Sokneråd
Leiar: Kristian Espeland
908 77 604 kristian@telerevisjon.no

Heimeside
www.seljordkyrkje.no

Ein heilt vanleg fødsel?

Ei forteljing om ei ung kvinne og hennar første fødsel er utgangspunktet for at svært mange menneske snart skal feire jul. Det er ei forteljing som grip oss.

«Jeg skulle gjerne sett ansiktet på mannen – møtt ham som skrev dette. Beretningen om Jesu fødsel er det vakreste som er skrevet. Det er det tetteste, knappeste, og det vakreste,» sa den verdskjende svenske forfatteren Pär Lagerkvist i ein samtale med Jakob Weidemann ein sein nattetime i Roma. Så legg han til: «Tenk om det er sant!»

Kvifor grip ho oss? Ein fødsel er ikkje så veldig spesielt. Alle er jo fødde ein gong. Han som skreiv dette, Lukas, var oppteken av at dette ikkje var noko han fann på, men noko som faktisk hadde skjedd i vår historie. Tidspunktet blir oppgjeve: Då keisaren heitte Augustus, og alle innbyggjarane måtte skrive seg inn i manntalet. Staden blir oppgjeve: Betlehem, og også namna på foreldra: Maria og Josef. På den måten er dette ei sann historisk forteljing.

Samtidig ligg det noko meir i denne forteljinga enn ein vanleg fødsel. Dei som skreiv om Jesus, var opptekne av kvar Han kom frå og kven Han er. Svaret dei gir er: Guds eigen Son. Juleevangeliet er forteljinga om korleis Han som var til før tida, går inn i vår tid og blir som

ein av oss. Han som hadde skapt alt og som alltid er større enn vi kan forstå, gjer seg så liten at vi kan sjå korleis Gud er.

Ole Paus skildrar korleis Jesus er:

«Hvem vil ta meg inn til seg,

Når det blir kaldt?

Hvem vil si: Du er av meg

Jeg elsker din sjel gjennom alt.

Hvem orker å se meg som den jeg er

Og elske meg som en sønn?»



«Jeg skulle gjerne sett ansiktet på mannen – møtt ham som skrev dette,» sa Pår Lagerkvist. Det går ikkje, for Lukas er død. Men vi kan møte Han som vart fødd, Jesus Kristus. Han som ikkje har gløymt oss, men alltid kjem til oss. I dåpen vart vi døypte til han. I nattverden tek vi imot han. Når vi bed, er han der, og når vi les i Bibelen kan vi sjå korleis Jesus er.

Velsigna advent og juletid.

Stein Reinertsen

Biskop i Agder og Telemark

Avskil med Dag Harald

Sundag 29.juni hadde sokneprest Dag Harald Undheim si siste offisielle høgmesse i Seljord sokn.

Dette på sjølvaste 70-årsdagen hans. Naturleg nok vart dette markert med så vel fødselsdags- som avskilsfest, for høvet på Flatdal samfunnshus.

I eit fullsett og junivarmt lokale fekk Dag Harald takketaler og gratulasjonar frå mange i soknet, eigen familie og ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen.

I 10 år har Dag Harald vore ein institusjon i bygda – og markert seg som ein kjær folkeprest.



GLIMT FRÅ FRILUFTSMESSA PÅ KJOS 20. JULI

Mange var frammøtte på idylliske Kjos den varme sommardagen.

Gisle Snarteland (15) og Einar Øverland (81) stod for musikken.

Einar Øverland spela kortreist musikk, nemleg såttar etter Jon Kjos! Einar debuterte også i sommar som plateartist, med dobbelt-CD.



Gullkonfirmantar i Seljord 2025



1. rekkje: Anne Marie Breidalen, Gro Aase Rue, Anne Sofie Tresland, Ingebjørg Jamgrav, Anne Kjersti Sigstad Bjaaland, Margaret Sveinsson, Tone Storlid, Ellen Randi Dyrud og Bergit Lisleåsheim Telnes.

2. rekkje: Rune Sveinsson, Sveinung Napastaa, Torbjørn Aarbakk, Bent Sveinsson, Audun Svartdal, Vette Skori, Morten Ekre og Torbjørn Moen.

Prost Asgeir Sele var også med på biletet.



Helena Dybdahl og Aaron Michael Svane-Gyring stod for song og musikk under konfirmantjubileet i Seljord kyrkje 5. oktober.

Hausttakkefest i Flatdal kyrkje

Sundag 12. oktober var mange små og ein del store samla i kyrkja i Flatdal. Dei som fyller fire år dette året fekk ei bok og eit aktivitetshfte med forteljingar og songar om Jesus.

På biletet ser me 4-åringane saman med diakon Ingunn Liseter og prost Asgeir Sele som hadde opplegget for gudstenesta.

Signe Kvåle Rue hadde pynta kyrkja med flotte dekorasjonar i haustfargar. Stor takk til henne!

Etter messa var det frukt, kake, saft og kaffi til alle.



Eit halvt år i Seljord

Eg vil takke kyrkjelydane og folket i Seljord, Flatdal og Åmotsdal for tida eg har fått vere, og skal få vere, sokneprest her. Som ein del veit, er eg ansvarleg sokneprest i rundt rekna eit halvt år (fram til 1. mars 2026), medan ein arbeider med å få på plass ein ny og fast prest etter Dag Harald.

Så langt har det vore veldig fint å vere her. Av gode og positive hendingar kan nemnast gudsteneste og grautfest i Manndal kapell; misjonsmøte med kaffi på Seljord misjonshus; ein høgst triveleg gullkonfirmantfest der det også var fin musikk frå unge og lokale musikarar; fele- og fløytespel i Åmotsdal kyrkje; godlynte og konstruktive soknerådsmøte; hyggelege samtalar med kollegaar og klokkarar og gravferdsbyrå. Og det har vore gode møte med sørgjande i samband med gravferder og minnemesser. Ja, meir kunne blitt nemnt. Mange menneske gjer kvar på sitt vis ei god teneste for fellesskapet, både i kyrkja og i bygda elles. Tusen takk! Ei trufast og ærleg gjerning som blir gjort med ein god vilje, er til stor velsigning.

Apostelen Paulus skreiv som kjent brev til kyrkjelydane rundt om Middelhavet. Her i breva var evangelieforkynning, ros og takk, inspirasjon, formaningar, lærdom, og også kritiske merknader. Brevane var så å seie hyrderøysta til apostelen, som skulle leie saudeflokken. Om eit slikt brev vart skriva til bygdane i Seljord kommune i dag, kva skulle ein



då skriva? Kva treng folket å høyre – av trøyst, kvile, visdom, inspirasjon, tuktt og takk?

Det er slike spørsmål presten må tenke på, når han skriv preika si – men mykje av dette må eg nok overlata til den komande soknepresten. I alle høve er dette også viktige spørsmål å fundere på for kvar einskild, i eins eige liv. Då er det høveleg å be til Herren om visdom og nåde for seg sjølv, sine næraste, bygda og kyrkja. Det er jo ikkje alltid så lett å leve, og vi treng hjelp til det, av Gud og av kvarandre.

Med desse orda ynskjer eg kvar og ein i bygdane ei velsigna jolehøgtid!

Sokneprest Hallvard Nordbø Jørgensen

SÅ VANDRAR VI PÅ VEGANE – SAMAN OG ALEINE

Seljord kyrkje, onsdag 21. januar kl 19.00

Bente Lindvig og Kjetil Bergheim inviterar inn til ein kveld med poesi, musikk, bildekunst, forteljing og samklangar i det vakre kirkerommet.

Kanskje kjem det ei overrasking også!



På Betlehemsmarkene

Det brækar ein sau.
Det syng ein vind over
dei aude marker
og den unge hyrden
som sit ved natt-lege-bålet sitt
under stjernene utanfor Betlehem.

Tre menn i fotside kapper
kjem peikande og pratande
og vekker opp saueflokken
der dei hastig dreg forbi,
utan å ense kørkje sauer
eller gjetar-guten.

Men den gjetar-guten på
Betlehemsmarkene var meg -
og millionar andre –
som følgde etter dei tre kappekledde
mot ei stor blinkande stjerne
og ei krybbe og ein stall
i Betlehem.

Odd Jan Sandsdalen



Juleforteljingar

Jula er høgsesong for forteljingar. Nokre juleforteljingar finst i bokform, andre i teikneseriar og atter andre som julefilmar. Dei fleste av oss har ein eller fleire slike forteljingar som berre må hentast fram kvart einaste år, om me skal kome i den rette julestemninga.

Endå viktigare enn desse forteljingane frå julehefte, bokhylle eller TV-skjerm, er dei forteljingane som me har skapt sjølve gjennom levd liv: Forteljingane om den første jula vår på ein ny stad, i eit nytt hus eller med eit nytt familiemedlem. Eller forteljinga om den gongen katten reiv ned juletreet, middagen vart avbroten av pipebrann og då straumen vart borte under matlaginga og korleis me likevel fekk ein heilt magisk julekveld med berre brennande stearinlys i stova.

Aller viktigast er likevel sjølve ur-juleforteljinga: Forteljinga om Maria og Josef, barnet i krybba og gjetarane på marka. For det er denne forteljinga alle dei andre gode juleforteljingane byggjer på, både dei trykte og filma forteljingane om fellesskap, lengting og kjærleik som me hentar fram på denne tida av året, og dei forteljingane me sjølve skaper når me gjev kvarandre ei god jul ved å vere der for kvarandre.

Asgeir Sele, prost



Min salme

Av Signe Kvåle Rue

*Fagert er landet du oss gav,
Herre vår Gud og vår Fader!
fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett, og ho glader,
signar vårt land i nord og sud;
soleis di åsyn lyser, Gud,
yver vårt Noreg i nåde.*

-OG VINNAREN ER.....!

Åååå! Det er så mange fine salmar å trekke fram! Salmar av Elias Blix, av Grundtvig, av Landstad -----! Men denne gongen blei det altså «Fagert er landet». Teksten skreiv Anders Hovden i 1907, og melodien- som smeltar på vidunderleg vis saman med teksten - er av Melchior Vulpus som levde i Thüringen rundt år 1600.

JA, DET ER FAGERT!

Mange av oss har vel blitt overvelda av norsk natur - ved synet av snolandskap i Svartdal, ved synet av blåne bak blåne frå Gaustaråen, eller når du rundar ein sving på Garvikstrondi, og det opnar seg eit strålende landskap med vatn, himmel, fjell og skog. Da slær det oss: Fagert er landet! Sanneleg!

FINE ORD!

Du har kanskje stussa over at eg brukar det gamaldagse ordet «yver» i siste line av verset eg har sitert. Eg vil forklare med å snakke om poesi – diktarkunst! Diktaren har nokre «verktøy» eller reglar for å skape vakre vers. Sjå til dømes på alle A'ane: FAgert er lAndet du oss gAv.....fAgert det stig Av blåe hAv . Vi får synge på mange A'ar. Likt med A'en i «JA, vi elsker» er det den beste vokalen å synge ut jublande glede på. Og tenk på ordet «Fagert»! Det ordet er mykje vakrere enn «vakkert» Det har ein meir opphøgd klang. Du ser fargar, du høyrer musikk - du blir høgtidsstemt bare av det ordet aleine. Meir om poetiske ord: I fjerde vers les me: «Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud, varda vårt land frå fjell til flud» Odd Nordstoga sa i eit intervju på TV at ordet «varda» var eitt av dei finast ord han visste. Det kan kanskje oversetjast med beskytte. Men beskytte, det er det solbriller og redningsvestar gjer. «Varda» signaliserar ein meir høgtidsam,

omsorgsfull, total omtanke.

I originalversjonen av salmen heiter det: «--soleis di åsyn lyser, Gud, yver vårt Noreg i nåde. Prøv å synge den strofa slik! Syng deretter strofa med ordet «over». Kjenner du ikkje at noko dett ned mange hakk! «Lyser» og «yver» kling saman – det blir poesi av det! (Dei som har revidert teksten, har vel tatt andre omsyn da, og sett bort frå poesien.) Dessutan er ikkje «yver» så framandt for oss i Vest-Telemark. «Ivi» er den lokale varianten!



FELLES ARV, FELLES OPPLEVING

Anders Hovden har gjeve oss så fine ord for å uttrykke kjærleiken til landet og takksemnda for at Noreg er vår heim. Det er ein stor rikdom å kunne dele med landsmenn dei skattane som diktarane har gjeve oss. Å pugge salmevers er visst kronksempel på umenneskeleg pedagogikk! Eller.....?

Da eg i 2006 som medlem av Seljord songlag fekk vera med på framsyninga av spelet om Presten Landstad og Olea Crøger, måtte eg pugge fleire Landstadsalmar. Det er eg glad for! Kva er den beste måten å oppleve denne songen på? Kanskje syngande i kor med den oppleving det er å vera saman om å skape harmoniar, å oppleva i samklang desse meiningsfulle orda og den vakre melodien.

Like fint er det er å sitje skulder ved skulder med grannar og bygdefolk i ei tettpakka kyrkje ein fin maidaag, og med orgelet i bakgrunnen synge av hjartans lyst om dette fine landet me er saman om. Eg avsluttar med femte verset. Det er også stor diktarkunst, og det gjev meg gåsehud kvar gong eg syng desse orda:

*Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møde,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle ert
veiknar og visnar, bleiknar burt,
ver du oss ljøset og livet!*

Føremiddagstreff Seljord misjonshus

Siste fredag i månaden har du høve til å setja deg ved eit bord med mykje god mat, og slå av ein prat med sambygdingar. Det er tid for føremiddagstreff som Seljord sokneråd steller til ein gong i månaden.

På desse treffa er det alltid andakt, ein del song og musikk og gjerne litt diktlesing. Av og til er det også ein quiz slik at ein kan få trimma dei små, grå hjernecellene i lag med dei andre rundt bordet.

Eit fast innslag er **utlodning** med åresal. Det brukar å vera mange fine gevinstar.

På biletet ser de ein av samlingane våren 2025 då Svanhild Amdal Telnes var på besøk og las frå den siste diktsamlinga si.

Desse treffa byrjar kl 11.00 og varer til om lag kl.13.00.

Me håpar å sjå deg!

BLT

**Føremiddagstreff
Seljord misjonshus
våren 2026**

Fredag 30.januar
Fredag 27. februar
Fredag 27. mars
Fredag 24. april

Alle dagar kl 11.00-13.00



Adventsmesse på Nes bedehus - Garvikstrondi

3. søndag i advent – 14. desember kl 11 blir det tradisjonen tru, messe på Nes bedehus. Etter messa blir det servering og eit kulturelt innslag ved Kjetil Bergheim, Kristoffer og Torkjell Hoff.



Taraldsmesse 12.februar 2026

Delar av programmet til neste års Taraldsmesse er klart. Me samlast som vanleg til fakkelprosesjon ved Seljord kyrkje kl 18.00. Prosesjonen går på kyrkjegarden dit Taraldskyrkja ein gong stod. Lysportalen markerar inngangen og krossen viser der ein trur altaret var.

Ute på kyrkjegarden blir det ein kort seremoni med song, bøn og enkel liturgi. Så går me attende til inngangen til Olavskyrkja. Truleg blir det ei lita samling inne i kyrkja, før del to av programmet held fram på Klomset hos Mona og Svein Kjetil. Grunnen til at me vil til Klomset er

at eitt av dei tre middelalderbrev som har dateringa Taralds dag, er skrivne på den garden i 1586.

På Klomset blir det eit hyggeleg kveldssete med kaffi og kake og høve til »rørur» rundt borda. Me har håp om at me skal få til litt kulturelle og historiske innslag også.

Fylg med i VTB når dagen nærmar seg. Då vil heile programmet bli annonsert.

*Bergit Lisleåsheim Telnes
og Reidun Øverland*

I samband med Helgemesse blir det og lyst ut eit tilbod om ei

SORGGRUPPE FOR VEST-TELEMARK

I eit samarbeid med soknediakonen i Seljord vert det i år gjeve tilbod om ei Sorggruppe for heile Vest-Telemark. Ansvarleg for gruppa er prostidiakon Eilev Erikstein saman med ein frivillig medarbeidar. Oppstart i januar 2026, samlingsstad vert avgjort når ein ser kven som melder seg.

Det vert fem samlingar på to timer kvar,

Tema som vert tekne opp er:

- Kva hende?
- Kva er sorg? To-prosess modellen
- Ulike meistringsstrategiar
- Kva gjev håp no?
- Tilbodet er open for alle, uavhengig av livssyn

Påmelding til næraste kyrkjekontor eller prostidiakonen 91113580 eller på e-post til eilev.erikstein@tokke.kommune.no

Seljord sokn
Brøløsvegen 48
3840 SELJORD

Kyrkjelydsbladet Helg og Høgtid for Seljord, Flatdal og Åmotsdal er avhengig av stønad for å dekke utgifter til trykking og produksjon av bladet.

De kan betale inn til kontonummeret på denne giroen (2711 20 31826), eller på Vipps til: #650484 Seljord sokn.

Vi er takksame for alle gaver!

Betalinginformasjon		GIRO		Betalingsfrist	
Betalt av		Underskrift ved girering			
Betalt til		Helg og Høgtid Brøløsvegen 48 3840 SELJORD			
Belast konto		Kvittering tilbake			
H	Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre	Til konto	Blankettnummer
			< >	2711 20 31826	

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



FLATDAL HANDLAFT

T E L E M A R K

flatdalhandlaft.no
mob. 971 53 661

Øvre Telemark Begravelsesbyrå

Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.
Oppsett og oppussing av gravstein.
Stell av gravminne.

telemarkbegravelse.no

tlf. 466 90 000 | post@telemarkbegravelse.no
Mosasida 215, 3840 Seljord

Trygt, omsorgsfullt og verdig



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 ALT I BAKERVARER

KLÆR

T. TVEITAN 1/3

INTERIØR-
TEKSTIL

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Sentrum Vaskeri og Renhold AS

Tlf.: 900 28 841

www.sentrumvaskerirenhold-as.net



Hjelp barn
i hjem med rus

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**



Seljordvarme.no

Spesialister på peis og varme!

Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

Vest-Telemark

 GRAVFERDSBYRÅ 

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå
 og Seljord gravferdsbyrå

DØGNVAKT
928 13 634

Gravferdstenester. Gravstein.
 Omsliping, påskrift, vask og oppussing
 av eldre gravstein.

www.vtgravferd.no

Gudstenester

1.s. i advent – 30.nov

Åmotsdal kyrkje kl 17
Ljosmesse

2.s. i advent – 07.des

Flatdal kyrkje kl 16
Seljord kyrkje kl 19
Ljosmesse på stader

3.s. i advent – 14.des

Nes bedehus kl 11
Adventsmesse

4. s.i advent – 21.des

Nutheim kapell kl 19
Kveldsmesse

Joleftan – 24.des

Åmotsdal kyrkje kl 13
Flatdal kyrkje kl 15
Seljord kyrkje kl 15
Seljord kyrkje kl 16

1.joledag – 25.des

Seljord kyrkje kl 11
Høgtidsmesse

4.joledag – 28.des

Åmotsdal kyrkje kl 17
Romjulsmesse
Jolefest på Grendehuset etter messa

Nyårseftan – 31.des

Seljord kyrkje kl 16
Når året vender

2.s. i openberring – 11.jan

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

3.s i openberring – 18.jan

Åmotsdal kyrkje kl 11
Høgmesse

4.s. i openberring – 25.jan

Flatdal kyrkje kl 11
Høgmesse

Såmannsundag – 01.feb

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

Kristi forklårelsedag –08.feb

Åmotsdal kyrkje kl 11
Høgmesse

Taraldsmesse – 12.feb

Seljord kyrkje kl 18

1.s. i fastetida –22.feb

Flatdal kyrkje kl 11
Høgmesse

2.s.i fastetida – 01.mars

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

3.s.i fastetida – 08.mars

Åmotsdal kyrkje kl 11
Høgmesse

Maria bodskapsdag – 22.mars

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

Palmesundag – 29.mars

Flatdal kyrkje kl 11
Høgmesse

Skjærtorsdag – 02.april

Åmotsdal kyrkje kl 11
Høgmesse

Skjærtorsdag – 02.april

Nutheim kapell kl 17
Nattverdmesse

Langfredag – 03.april

Seljord kyrkje kl 17
Pasjonsmesse

1.påskedag – 05.april

Seljord kyrkje kl 11
Høgtidsmesse

1.påskedag – 05.april

Svartdal kapell kl 15
Påskedagsgudsteneste

3.s. i påsketida – 19.april

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

4.s. i påsketida – 26.april

Flatdal kyrkje kl 11
Høgmesse

6.s. i påsketida – 10.mai

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

Grunnlovsdag – 17.mai

Seljord kyrkje kl 10.30
Flatdal kyrkje kl 12
Åmotsdal kyrkje kl 14.30

1.pinsedag – 24.mai

Flatdal kyrkje kl 11
Høgtidsmesse

Treiningssundag – 31.mai

Seljord kyrkje kl 11
Høgmesse

2.s. i treiningstida – 07.juni

Flatdal kyrkje kl 11
Høgmesse

3.s. i treiningstida – 14.juni

Åmotsdal kyrkje kl 11
Høgmesse

4.s. i treiningstida – 21.juni

Seljord kyrkje kl 17
Høgmesse etter pilegrimsvandring

Endringar kan koma

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

